



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

STYREMØTE

Skype, 13. juni 2013

Sakliste:

- 1 Landsleir og ambassadørrolla
- 2 Leiartrening til hausten
- 3 Strategidiskusjonar – kvar og når?
- 4 Oppfølging av gruppene
- 5 Diverse
 - 5.1 Protokollboka og referat frå det ekstraordinære kretstinget
 - 5.2 Oppdatering i Brønnøysundregisteret
 - 5.3 Politiattest
 - 5.4 Lederløft, 30. august–1. september
 - 5.5 Anna frå styremedlemmene

Referat:

Til stades: Mats, Eirik, Frida, Ole, Trine, Remco og Wenche
Forfall: Ingen

Sak 1 Landsleir og ambassadørrolla

Mats og Eirik orienterte om kretsen si rolle på landsleiren og at dei to vil dele på ambassadørrolla. Det er sendt ut e-post til gruppene med diverse viktig informasjon som er kunngjort i ambassadør-e-postane.

Det vart også gjennomgått kven av styremedlemmene som er til stades på landsleiren og diskutert moglegheita for styremøte der. I tillegg vart det føreslått å få til ei leiarmottaking for å gjere litt stas på leiarane i alle gruppene. Dette bør skje tysdag kveld, for då er speidarane ute på haik.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Sak 2

Leiartrening til hausten

Det einaste som er oppsett på arrangementsplanen i haust, er eit peffkurs helga 13.-15. september. Både styret og leiartrenarane har inntrykk av at dei fleste i aktuell alder har vore gjennom peffkursa, medan det derimot har vore få leiarkurs i det siste. Vi erstattar difor dette kurset med eit leiarkurs.

Trinn 1 og 2 i grunntreninga blir tilgjengelege på landsleiren, så difor er det trinn 3 vi bør få til i kretsen i haust. Wenche snakkar med Thorleif om dette. 13.-15. september er kanskje ikkje den beste helga, men dei ser ev. på helga etter. Ole og Erlend må delta i stab på trinn 3 før dei kan halde det sjølv.

Kretsen bør elles gå ut med ei oppmading om deltaking på leiartrening på landsleiren, kanskje spesielt Norsk grunnkurs i førstehjelp, som ikkje har vore arrangert i kretsen sidan 2008.

Elles må Eirik og Wenche sjå registrering av leiartrening i medlemssystemet, sidan funksjonaliteten for dette no er klar. Vi må også ta tak i prosjektet med innsamling av data om kven som har kva for kurs.

Sak 3

Strategidiskusjonar – kvar og når?

På årsmøtet tidlegare i år vart det vedteke å kome fram til omforma strategiforslag fram til årsmøtet i 2014. Dermed må vi ha arenaer å diskutere strategi på før dette. Styret snakka om kvar og når dette kan skje. JOTA/JOTI til hausten og ei eiga samling anten før eller rett over jul kan vere eigna arenaer. Det vart ikkje konkludert på dette.

I tillegg til diskusjonsarenaer er det viktig at vi sender ut noko til diskusjon i gruppene. Dette bør kome tidleg i haust. Styret diskuterte også forma på den strategiske planen. Kanskje var planen som vart lagd fram på årsmøtet, for omfangsrik, slik at ein i staden må satse på nokre få, men oppnåelege punkt. Ein diskuterte også kor langt fram i tid planen skal strekkje seg.

Eirik, Remco og Trine følgjer opp desse spørsmåla og strategiarbeidet generelt.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Sak 4

Oppfølging av gruppene

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kretsen er oppfølging av gruppene. Det er ynskjeleg at alle gruppene har ein kontaktperson i kretsstyret som ikkje kjem frå eiga gruppe. Etter kvart er det ynskjeleg at vi etablerer rutinar for jamleg kontakt med kontaktgruppene våre.

Styret fordelede gruppene mellom seg slik:

Mats: Eid og Årdal

Eirik: Kaupanger og Naustdal

Frida: Måløy

Ole: Sogndal

Trine: Systrond 1

Remco: Førde

Wenche: Florø FA

Remco ser nærmere på plan for kontakt saman med dei andre i styret.

Sak 5

Diverse

5.1 Protokollboka og referat frå det ekstraordinære kretstinget

Protokollen til kretsen, som er viktig av både historiske og praktiske årsaker, er vekke. Det vart referert frå det ekstraordinære årsmøtet at både Erlend og Tone har leita grundig. Boka er sist sett på styremøtet på JOTA/JOTI 2012. Mats kontaktar Erlend om dette og ev. også Teigen for å sjå om dei kan ha funne boka.

5.2 Oppdatering i Brønnøysundregisteret

Oppføringa på kretsen i Brønnøysundregisteret har opplysningar om styresamansetjing. Her treng vi fødselsnummer på styremedlemmene for å kunne oppdatere oppføringa vår. Alle sender dette til Eirik på SMS, og han følger så opp registreringa.

5.3 Politiattest

Alle i styret må vise politiattest. Har ein vist i gruppa, er dette godkjent også i kretsstyret. Dette må vere registrert i medlemssystemet, og rutinane for politiattest på landsleiren vart også nemnde. Skjema ligg på

www.speidning.no/politiattest

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

5.4 Lederløft, 30. august–1. september

Det vart informert om Lederløft i haust og spurt om kven av styremedlemmene som reiser. Det blir truleg ikkje mange nok til at vi kan reise som kretsstyre og ha styremøte der.

Elles bør det gjerast eit arbeid for å få fleire av gruppene med på dette inspirerande arrangementet.

5.5 Anna frå styremedlemmene

Det vart nemnt at stad og tidspunkt for det ekstraordinære årsmøtet var svært uheldig – Ole var den einaste av dei som stod på val, som kunne møte. Dei som var på val, fekk heller ingen informasjon om resultatet i etterkant. Styret håpar vi slepp ekstraordinære møte ei stund framover.

Kretsleir 2015 blir sak på neste styremøte, som blir på landsleiren. Dei som ikkje er til stades, prøver å vere med via Skype.

Møtet slutt kl. 21.43.

Referent:

Eirik Ulltang Birkeland

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no